

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FA - X20, TI - &01	15/1175

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2015	Formannskapet	PS	20.05.2015

## Beredskapsavtale mellom Meland kommune og Røde Kors

### Vedlegg:

Beredskapsavtale mellom Meland kommune og Nordhordland Røde Kors og Hordaland Røde Kors (L)(58218)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har mottatt framlegg til beredskapsavtale mellom kommunen og Nordhordland Røde Kors og Hordaland Røde Kors (kalla Røde Kors i avtaleteksten).

Føremålet med avtalen er å bidra til at Røde Kors sine lokale og regionale kapasitetar innan beredskapsarbeid, m.a. innan områda førebygging, avgrensing, handtering og gjenoppretting vert så gode og effektive som mogleg., og dermed bidrar til kommunen sin eigen beredskapsevne. Avtalen skal dekke samarbeidsrelasjonane mellom partane før, under og etter ein krise- og beredskapssituasjon.

### Vurdering

Meland kommune har også i dagens planverk for beredskap (Beredskapsperm for Meland kommune) Nordhordland Røde Kors med som ein aktør, med kontaktinformasjon og eit oversyn over ressursar. Beredskapsavtalen, slik den no ligg føre, byggjer på eit langt vidare og meir formalisert samarbeid, noko som vil vere ein stor føremon for kommunen i ein beredskaps- eller krisesituasjon.

I tillegg til oversyn over ressursar og kapasitetar regulerer avtalen på ein god måte viktige område ved samarbeidet, som t.d. økonomi, forsikringar, ansvar, tieplikt m.m. Avtalen har også punkt som regulerer avtalelengde og høve til gjensidig reforhandling eller ev. oppseiling.

### Folkehelse

I ein krise- eller beredskapssituasjon kan folkehelse komme til å bli eit tema, og Røde Kors sine ressursar/kapasitetar kan då bli eit viktig tilskot for kommunen.

### Miljø

Også her det oppstår situasjonar der avtalen kan bli nyttig.

### Økonomi

Det vert vist til punkt 11 i avtalen, som regulerer kommunen sine økonomiske pliktar ved innsats frå Røde Kors. Det vil truleg vere langt dyrare å skulle kjøpe tilsvarande bistand frå kommersielle aktørar/leverandørar, og det vert ikkje vurdert som økonomisk risikofylt å gå inn på avtalen.

### **Konklusjon**

Meland kommune har som overordna målsetjing for beredskapsarbeidet at vi skal ha eit trygt lokalsamfunn og ein sikker kvardag for den enkelte innbyggjar. Kommunen skal syte for eit kommunalt tenestetilbod som fungerer også ved uventa (og uønska) hendingar. I dette arbeidet kan organisert, frivillig innsats vere eit verdifullt tilskot til kommunen sine eigne ressursar, og administrasjonen vil difor rå til at formannskapet godkjenner beredskapsavtalen med Røde Kors, slik denne ligg føre i saka.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet i Meland godkjenner Beredskapsavtale mellom Meland kommune og Nordhordland Røde Kors og Hordaland Røde Kors, slik denne ligg føre i saka»

### **Formannskapet - 55/2015**

### **FS - behandling:**

### **FS - vedtak:**

«Formannskapet i Meland godkjenner Beredskapsavtale mellom Meland kommune og Nordhordland Røde Kors og Hordaland Røde Kors, slik denne ligg føre i saka»